

BRUKSRETTEIING: REGISTRERINGSSKJEMA FOR DROSJER, BILSKJEMA

Introduksjon

Registreringsskjema for drosjer eller bilskjema brukast av Pasientreiser til å hente inn informasjon om, og kontrollere, køyretøy som nyttast til pasienttransport.

Registreringsskjema skal sendast inn på alle køyretøy / løyver som skal nyttast i pasienttransport, og ved endring av køyretøy/ løyver som tidlegare er meldt inn. Kontraktsansvarleg er ansvarleg for å sende inn signert skjema.

Denne bruksretteiinga omhandlar nettbasert utfylling og innlevering av bilskjema. Steg for steg (1) går ein inn i skjema gjennom ein [\[link\]](#), (2) logger seg inn gjennom ID-porten, (3) fyller ut informasjonen som blir etterspurt om i skjema, og (4) sjekkar ferdig utfylt skjema og godkjenner innsending. Skjema blir då levert ferdig utfylt og signert til Pasientreiser Helse Førde og Lokaltaxi. Les vidare i bruksretteiinga for ein meir detaljert forklaring.

Innhald

Fylle ut skjema - steg for steg	2
1) Finne registreringsskjema for drosjer/ bilskjema	2
2) Logg deg inn gjennom ID-porten	2
3) Utfylling av skjema	3
a) Opplysningar om eigar	3
b) Opplysningar om køyretøy	4
c) Opplysningar om utstyr	5
d) Utstyr for rullestol og anna funksjonsnedsetting	5
4) Sjekke og sende inn skjema	6
Kontaktinformasjon	7

Fylle ut skjema - steg for steg

1) Finne registreringsskjema for drosjer/ bilskjema


Bruk link til registreringsskjema: <https://skjemaer.helse-vest.no/skjema/dropa?fid=hfd>

Linken kan man også få av Pasientreiser og Lokaltaxi, eller finne på Pasientreiser sine nettsider.

2) Logg deg inn gjennom ID-porten

For å bekrefte identiteten til personen som fyller ut skjema, og mogleggjøre forhandsgodkjenning, blir man i skjemaløysinga bedt om å logge seg inn gjennom ID-porten.

Innloggingsmetode i ID-porten er valfritt og gjerast på vanleg måte.



HELSE VEST SKJEMAER

Velg innloggingsmetode

	MinID App eller engangskode	>
	BankID Bruk BankID-app eller kodebrikke	>
	Buypass Bruk Buypass ID på smartkort, mobil eller nøkkel	>
	Commfides Med smartkort	>

[Slik skaffer du deg elektronisk ID](#)

3) Utfylling av skjema

Skjemaløysinga fungerer på både PC og mobil.

Etter innlogging gjennom ID-porten kjem du direkte inn i skjema.

Alle felt i skjema må fyllast ut og skjema må fyllast ut ila. 60 min.

Du kan bytte mellom lyst (standard) og mørkt modus øvst til høgre.

Skjema er som tidlegare delt inn i 4 delar:

- a) Opplysningar om eigar
- b) Opplysningar om køyretøy
- c) Opplysningar om utstyr
- d) Utstyr for rullestol og anna funksjonsnedsetting

I delkapitla under tar vi for oss innhaldet i kvar enkelt del.

 For å komme vidare etter utfylling av skjema trykk ein på «Neste» nedst i skjema.

Dersom noko manglar når du prøver å gå vidare vil skjema flytte deg til feltet du må sjå på.

Dersom det er fleire manglar flyttast du til øvste mangel.

Nokon felt har også sjekkar som hjelp ein å avdekke feil. For eksempel må årsmodell være eit årstal (tal på 4 siffer). Dersom dette er feil vil skjema flytte deg til feltet når du prøver å gå vidare, på same måte som ved mangel på svar.

a) Opplysningar om eigar

Følgande må fyllast ut i denne delen:

- Organisasjonsnr (Drosjesentral/transportsselskap)
 - o Organisasjonsnummer til drosjesentral eller transportsselskap.
 - o Kan finne nummer bl.a. i Brønnøysundregistrene (brreg.no) eller Proff (proff.no).
 - o Organisasjonsnamn og adresse hentast inn i skjema basert på organisasjonsnummer. Dette er synleg øvst i førehandsvisning av skjema.
- Løyvenr.
 - o Løyvenummer på bil som skal registrerast eller endrast.
- Eigar
 - o Løyveeigar
 - o Namn til personen som har logga seg inn i skjema vil automatisk komme opp. Informasjonen kan endrast dersom dette er feil.
- Mobiltelefon
 - o Eigar sitt telefonnr.
 - o Telefonnummer registrert på personen som har logga seg inn i ID-porten vil automatisk komme opp. Du kan endre nummer.

- E-postadresse
 - Eigar sin e-post.
 - E-post til personen som har logga seg inn i skjema vil automatisk komme opp.
 Du kan endre e-post.
- Faktureringsselskap
- Taksametertype

Opplysningar om eigar

Organisasjonsnr (Drosjesentral/transportsselskap): *

Løyvenr: *

Eigar: *

Mobiltelefon: *

E-postadresse: *

Faktureringsselskap: *

Taksametertype: *

Eigar			
Eigar		Løyvenr	
Mobiltelefon		Faktureringsselskap	
Epostadresse		Taksametertype	

Tilsvare følgande del av gammalt skjema:

b) Opplysningar om køyretøy

Følgande må fyllast ut i denne delen:

- Bilmerke
- Modell
- Årsmodell
- Elbil?
- Registreringsnummer
- Køyretøyets mobilnr

Opplysningar om køyretøy

Bilmerke: *

Modell: *

Årsmodell: *

Elbil? *

☐ Ja
 ☐ Nei

Registreringsnummer: *

Køyretøyets mobilnr: *

Køyretøy			
Bilmerke		Modell	
Årsmodell		El-bil	☐
Registreringsnr.		Køyretøyets mobilnr	

Tilsvare følgande del av gammalt skjema:

c) Opplysninger om utstyr

Følgande må fyllast ut i denne delen:

- Registrerte tal sitjeplassar inkl. førar
 - o Offisielt tal sitjeplassar i bil. For ordinære køyretøy blir dette generelt 5.
- Tal sitjeplassar eigna for pasientar
 - o Tal sitjeplassar pasientreiser reknar som eigna, og tilgjengelege, for pasientar. Dette inkludera ikkje førarsete, og etter avtale generelt ikkje midtsete bak i ordinære bilar. For ordinære køyretøy vil dette generelt bli 3.
- Førstehjelpsutstyr?
 - o Er førstehjelpsutstyr tilgjengeleg i bil?
- Barnesete tilgjengeleg?
 - o Har bilen tilgang til barnesete som kan tas med ved behov?
- Skiltlampe på tak?
- 4 hjulstrekk?
- Tal passasjerplassar med regulerbare stolar (regulerbar rygg og i lengderetning, eventuelt òg regulerbar høgde)

Opplysningar om utstyr

Registrerte tal sitjeplassar inkl. førar: *

Tal sitjeplassar eigna for pasientar:

Førstehjelpsutstyr? *

☐ Ja

☐ Nei

Barnesete tilgjengeleg? *

☐ Ja

☐ Nei

Skiltlampe på tak? *

☐ Ja

☐ Nei

4 hjulstrekk? *

☐ Ja

☐ Nei

Tal passasjerplassar med regulerbare stolar (regulerbar rygg og i lengderetning, eventuelt òg regulerbar høgde):

Utstyr		
Registrerte tal sitjeplassar inkl. førar		
Tal sitjeplassar eigna for pasientar		
Førstehjelpsutstyr		
Barnesete tilgjengeleg		
Skiltlampe på tak		
4 hjulstrekk		
Tal passasjerplassar med regulerbare stolar (regulerbar rygg og i lengderetning, eventuelt òg regulerbar høgde)		

Tilsvara følgande del av gammalt skjema:

d) Utstyr for rullestol og anna funksjonsnedsetting

Følgande må fyllast ut i denne delen:

- Tilrettelagd for funksjonsnedsette?
- Tal sitjeplassar for pasientar dersom pasient sit i rullestol under transporten
- Tal rullestolplassar
- Rullestolheis?
- Rampe?
- Skinne?
- Lågt innsteg / ekstratrinn?

Utstyr for rullestol og anna funksjonsnedsetting

Tilrettelagd for funksjonsnedsette? *

☐ Ja

☐ Nei

Tal sitjeplassar for pasientar dersom pasient sit i rullestol under transporten:

Tal rullestolplassar:

Rullestolheis? *

☐ Ja

☐ Nei

Rampe? *

☐ Ja

☐ Nei

Skinne? *

☐ Ja

☐ Nei

Lågt innsteg / ekstratrinn? *

☐ Ja

☐ Nei

Utstyr for rullestol og anna funksjonshemming

Tilrettelagd for funksjonshemma	Ja	☐	Nei	☐
Tal sitjeplassar for pasientar hvis pasient i rullestol under transporten		0		
Tal rullestolplassar		0		
Rullestolheis		☐		
Rampe		☐		
Skinne		☐		
Lågt innsteg / ekstratrinn		☐		

Tilsvare følgande del av gammalt skjema:

4) Sjekke og sende inn skjema

Når ein er ferdig med å fylle ut skjema og har valt å gå vidare kjem man til ei side der man bekreftar/ godkjenner innsendinga.

Sida viser:

- Ein førehandsvisning av ferdig skjema
- Val for å signere og sende inn skjema
- Val for å gå tilbake til utfyllingssida dersom ein vil endre innhald

Vi ber deg sjekke det ferdig utfylte skjemaet før du sender dette inn.

Send inn

Dersom innhaldet er korrekt og ein ønskjer å sende in skjema trykk ein på knappen "Send inn" under førehandsvisninga.

Skjema sendast direkte til Pasientreiser Førde sitt saksbehandlingssystem.

Kopi sendast automatisk til Lokaltaxi.

Endre

Dersom ein vil endre innhaldet i skjema vil valet «Endre» føre deg tilbake til utfylling av skjema.

Du mister ikkje informasjon du har fylt ut tidlegare ved å gå tilbake, men du må etter endringa inn igjen på sida for innsending av skjema og velje val «Send inn» for at skjema skal leverast.

Kontaktinformasjon

Ved spørsmål eller problem tilknytt bilskjema eller registrering av kjøretøy ta kontakt med pasientreiser:

silje.eikerol.sande@helse-forde.no

pasientreiser@helse-forde.no